

Robert Mellberg Solvang
Fredensborgveien 39 A
0177 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17460 - 21/35620

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2021

Vedtak om pålegg om retting septiktank og ilegging tvangsmulkt - gbnr. 43/26 Natås

Administrativt vedtak: **Saksnr: 614/21**
Tiltak: Utbetring avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr. 43/26
Tiltakshavar: Robert Mellberg Solvang og Thomas Mellberg Solvang

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen utbetring av avvik i avløpsanlegget på eigedommen dykkar med gnr. 43, bnr. 26. Frist for retting er satt til 31.07.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK15 000,- og ei dagmulkt stor NOK 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 31.07.2021. Tvangsmulkta vil løpe i frå 01.08.2021.

Saksutgreiing

Vi viser til vårt brev av 01.12.2020 der vi opplyser om at vi er gjort merksam på avvik i avløpsanlegget dykkar, der frist for tilbakemelding var satt til **15.01.2021**.

Vi viser og til førehandsvarsel om pålegg om utbetring av avløpsanlegget av 26.03.2021, med frist for retting **27.05.2021**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Alver kommune er gjort kjent med at det er funne feil på sandfiltergrøfta som tilhøyrer septiktanken på eigedommen dykkar, sjå vårt brev av 01.12.2020. Det vart meldt om at røyr øvst i sandfiltergrøfta er blitt løfta opp av røter frå tre. Røret nedst i grøfta er gått av slangen, noko som fører til at overvatn renn berre rett igjennom. Tilstanden fører til forureining av grunnen, noko som er ulovleg etter forureiningslova.

Representantar frå kommunen var på synfaring på staden den 30.04.2021. I tillegg til avvika som er nemnd ovanfor, vart det registrert at deler av septiktanken ikkje er dekkta til på

forsvarleg måte. Ein septiktank av glassfiber skal vere tildekka for å hindre at det oppstår frostskeidar ved låge temperaturar. Frostskeidar på tanken kan føre til at den ikkje verkar tilfredsstillande. Tildekking av tanken er og viktig i forhold til lukt.

Kommunen oppmodar dykk difor om å sørge for at tanken blir dekt til på godkjent måte.

Det er forureinar sitt ansvar å sørge for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er de som er eigar av egedomen, og kommunen rettar difor pålegget til dykk

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining. Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 fjerde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Dersom kommunen innan **31.07.2021** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og bilete dokumentasjon frå dykk med opplysningar om at tanken er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfyllbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jf. forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved bilete dokumentasjon som syner at tanken er blitt reparert.

Dokumentasjon sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining og sørge for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom de har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver vennleg og referer til **saksnr.: 20/17460**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Robert Mellberg Solvang
Thomas Mellberg Solvang

Fredensborgveien 39 A	0177	OSLO
Fredensborgveien 39 A	0177	OSLO